

Grunneigarar/rettshavarar

Vår dato: 24.05.2022

Vår ref.: 201705405-424 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Invitasjon til synfaring av ny 420 kV leidning Blåfalli—Gismarvik og ny Gismarvik transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til Statnett sin konsesjonssøknad og tilleggssøknad for ny 420 kV leidning mellom Blåfalli og Gismarvik, endringar i Blåfalli koplingsstasjon og ny Gismarvik transformatorstasjon, i Kvinnherad, Etne, Vindafjord og Tysvær kommunar i Vestland og Rogaland fylker. Vi syner vidare til høyringa av søknaden og tilleggssøknaden, og møter gjennomført i samband med høyringa i oktober 2020.

NVE vil i samband med konsesjonshandsaminga gjennomføre ei synfaring av utvalde punkt langs leidningstraseen, Blåfalli koplingsstasjon og Gismarvik transformatorstasjon. Føremålet med synfaringa er at NVE si leiing skal få ei oversikt over kraftleidningens plassering i terrenget, og at representantar for lokale og regionale interesser skal få moglegheit til å komme med utfyllande merknader til planane.

Vedlagt er programmet for synfaringa. Synfaringa blir leia av direktør for energi- og konsesjonsavdelinga Inga Nordberg. Statnett deltek òg på synfaringa, og vil orientere undervegs.

NVE inviterer med dette dei som ønskjer til synfaring av utvalde punkter på dei planlagde traseane 21.-23. juni 2022. Synfaringa startar i Kvinnherad kommune, og følgjer deretter traseen kronologisk vidare i Etne, Vindafjord og Tysvær kommunar. Nokre stader vil synfaringa vere i terreng, det vil difor vere naudsynt å ta omsyn til dette om ein ønskjer å vere med. Det vil ikkje verte servert mat undervegs, ta difor med mat og drikke om du meiner dette er naudsynt. Det er ikkje naudsynt med påmelding. Av praktiske omsyn til parkering, oppmodar vi dei som kan, til å samkøyre til oppmøtestadene.

Ein kan møte der ein ønskjer til oppgitt tidspunkt, og det er ikkje naudsynt å vere med på heile synfaringa. Dersom ein ikkje har moglegheit for å møte på det punktet ein ønskjer innanfor sin kommune, eksempelvis grunna tidspunkt, er det mogleg å møte opp ein annan stad i kommunen for å ta opp problemstillingar for eit anna område.



Program og kart over oppmøtestader og parkering er lagt ved brevet. Meir detaljerte kart over oppmøtestader, vil bli lagt ut på NVE sin nettstad <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4728&type=A-1>.

NVE understrekar at saka ikkje er ferdig handsama.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Solveig Willgohs
Seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar